



KOPI

Ing. Taule as  
Kvassnesvn 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2408 - 15/5296

Saksbehandlar:  
Line Hervig  
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:  
07.05.2015

## Byggesak Gbnr 45/439 Manger - einebustad - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 123/2015

### Saksutgreiing:

Ansvarleg søker/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeidar. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 15.09.2014. Ansvarleg søker/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå og har identifisert attståande arbeider som følgjande:

- Ferdigstilling av VVA-anlegg Selfallet bustadfelt (mellombels bruksløyve er gitt 19.02.2010.)

Ansvarleg søker/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 07.05.2016.

### VEDTAK:

**I medhald av delegasjonsreglementet i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad på gnr.45 bnr.439 i Radøy kommune på følgjande vilkår:**

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 07/05/16.
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av mellombels bruksløyve:

KODE 10.2.8 Delt sakshandsaming (Mellombels bruksløyve) **Kr. 2 700,-**.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

#### Skildring:

Adresse:	Selfallet 136
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Einebustad/300458638
Bruksareal:	230 m <sup>2</sup>
Avløp:	Privat avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vasstilknytning
Tal på røykløp:	1

#### Klage:

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist/ byggesakshandsamar Line Hervig.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig  
jurist/ byggesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Mottakere:

Christian Fanebust og Linda Kristin Paktarmyrhaugen 5918  
Glomnes 5

FREKHAUG